## Om å vera amatør

Du har ein hobby, samlar på stein, mineral, krystallar. Du liker det du held på med.

Du oppdagar at du dyrkar ein vitskap, dyrkar han på same vis som andre dyrkar kunst, og atter andre dyrkar udrott.

Du har framgang, og på avgrensa område går du proffane ein høg gang.

Du er amatør.

*Skapolitt finn ein ofte i amfibolittar, gjerne i samband med at det har vore ein kontaktmetamorfose. Denne blå skapolitten er frå Vinstradalen og sit i ein sprekk i ein amfibolittisk bergart. (MGM).*



*Nedafor er eit bilde av ein kvit og rosa skapolitt frå Grane i NOrdland. Den rosa fargen skriv seg*



*frå eit innhald av mikroskopiske rosa titanittaggregat.*
*Her hadde eg hjelp av Reidar Trønes.*
*Ingen er så suverene at dei aldri treng hjelp.*

*Tor Witsø*